




## S 551, Strøsnøse - utviding av støl

S 551 ved Strøsnøse er i dag støl til G/Bnr 29/2 tilhørende Stein Rønjust Hålien. Denne garden skal i nær framtid overdras, der framtidige eigarar Jeanett Hermundstad og Espen Hovi planlegger nokre tilpasningar til sin drift. Dei skal fortsatt drive garden med beitedyr, slik at garden er og skal fortsatt vere i drift.

Dei søker om ein liten utviding av stølen pga dei ynskjer å få m.a. bilen innfor stølsjordet, slik at beitedyr ikkje går inntil bilen. Dette er og ein tilpassing som gjer stølen meir lettdrive i forhold til beitedyr. Tillegget skal gjerdast inn saman med resten av stølsjordet. Dette handsamast etter stølsforskriften § 6.

Kartet viser omsøkt tillegg (raudt omriss), som utgjer ca 400 m<sup>2</sup>:



ROS-analyse viser eit viktig punkt som inngår i det omsøkte arealet:

Naturtype: «Naturbeitemark» (BN00027580) med verdikategori: «Stor verdi»

Følgjande tekst skildrer denne naturtypen:

<b>Innledning</b>	Stølen ble første gang registrert av Tanaquil Enzensberger i 2010, på oppfordring fra bruker Kari Ringestad. Den ble da registrert som naturbeitemark i verdiklasse A. Høsten 2018 utførte vegetasjonsrådgiver Tanaquil Enzensberger, i samarbeid med Per Mo, kartlegging og revisjon av eldre naturtyperregistreringer. I forbindelse med dette ble Rengistadstølen besøkt 10.09.2018. Det ble da funnet at deler av lokaliteten hadde for sterkt gjødselpreg til å tilfredsstille kravene for innføring i Naturbase. Det er derfor laget en ny områdebeskrivelse med endret avgrensning våren 2019.
<b>Råd om skjøtsel og hensyn</b>	Lokaliteten oppnår høy vekt for størrelse (>2 daa), middels til høy vekt for tilstand (i bruk med lite tegn til gjengroing, godt beitetrykk, ingen spor etter gjødsling) og påvirkning (moderat ekstensiv bruk, ubetydelig påvirkning fra tekniske inngrep og forurensning, ingen fremmede arter) og artsmangfold (> 30 kjennetegnende arter påregnes). Lokaliteten gis på bakgrunn av dette verdien svært viktig (A).

Imidlertid er heile dette registrerte arealet med naturbeitemark 15,5 daa, og strekker seg på nordsida av dei tre stølane som ligg her. Det omsøkte arealet for utviding av støl er i i praksis inngjerding av tilkomstveg, med ein liten buffer som gjer at gjerdet kan stå i gras og ikkje i grusvegen.

Sett ut i frå dette kan ein vanskeleg sjå at dette endrer det området som har ein verdi. Det er tross alt naturbeitemark, som igjen er avhengig av ein viss mengde beitedyr. Det er berre den stølen som no søker som har dyr i området. Det er og ein viss verdi i tilrettelegging for denne stølen slik at det fortsatt vert halde i hevd/i drift – som gjer at det fortsatt er att beitedyr i området.

Området er vurdert etter Naturmangfoldlova § 8-12 med følgjande resultat:  
§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til Miljødirektoratet. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet ut over området definert som «naturbeitemark». Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

#### § 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngiving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av plan- og influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følge av tiltaket.

#### § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka. I forhold til samla belastning vil det vera aktuelt å vurderer om tiltak i aktuelt område vil medføra negative verknader. I dette tilfellet er tiltaket marginalt då det i praksis er veg som vert inngjerda. Dermed kan ein ikkje sjå at det vil vera samla ulemper av avgjerande karakter.

#### § 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

#### § 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Ein konkluderer med at det ikkje er noko i vegen ut i frå Naturmangfaldlova som gjer at ein ikkje kan fatte eit positivt vedtak.

Det er heller ikkje registrert kulturminner i umiddelbar nærleik.

Når det gjeld nærliggande stølar, er det den næraste: 94/1/550 tilhøyrande Knut Hove som kunne vore mest berørt. Imidlertid er det ingen drift her i dag med beitedyr. Slik omsøkt tillegg fremgår, påverkar det heller ikkje Hove sin adkomst til stølen. Sett ut i frå dette kan ein vanskeleg sjå at omsøkt tiltak kan forringe/vere til skade for andre bruksberettiga.

#### Andre interesser i området:

Den omsøkte stølen driv i dag med både sau og kjøttfe. Det er sett opp saltstein ca 5 meter frå stølsvegen, der målet er å halde dyra rundt stølen. Det har vore noko diskusjon blant andre bruksberettiga om det er lurt/naudsynt å ha slik saltstein såpass tett på vegen. Særskilt med tanke på 50 kjøttfe som legg seg i vegen inntil saltsteinen. Denne plasseringa er og utanfor tildelt stølsjorde.

Det kunne vore tatt opp i forbindelse med denne saka, om det hadde vært fordelaktig for alle partar å flytta denne saltsteinen lenger unna stølsvegen. Ein kan ikkje sjå at dette vil kunne ha særlege negative verknader for drift av stølen, men gjeve ein lettare situasjon for alle som ferdast langs vegen. Ny plassering kunne avgjerast av fjellstyreleiar sammen med fjelloppsynet og stølsbrukar. Ein ber stølsbrukar vurderer dette punktet i høyringa.

#### **Framlegg til vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til omsøkt utviding av støl S551. Jfr Stølsforskriften § 6 legges dette ut på offentlig høyring.

Ein ber stølsbrukar vurderer om plassert saltstein inntil stølsveg kan flyttas lengre unna stølsvegen.

#### **Vedtak (sak 21/2023):**

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til omsøkt utviding av støl S551. Jfr Stølsforskriften § 6 legges dette ut på offentlig høyring.

Ein ber stølsbrukar vurderer om plassert saltstein inntil stølsveg kan flyttas lengre unna stølsvegen.

*Vedtaket er samrøystes.*

Nye opplysningar i saka

Dette er sendt på høyring i perioden: 05-29 september 2023

Det er komme inn følgjande uttaler:

Innlandet fylkeskommune:

*Fylkeskommunen har ingen vesentlege fråsegn til endringa, fjellstyret har gjort ei god vurdering som vi støtter*

Statsforvalteren i Innlandet:

*Saka gjeld ei mindre utviding av inngjerda areal på Høvsstølen. Utvidinga inkluderer ein marginal del av stølsjordet som er kartlagt som svært viktig naturbeitemark. Vi kan ikkje sjå at dette vil vera til ulempe for naturmangfaldet og sluttar oss til kommunen si vurdering.*

*For naturmangfaldet er det viktigaste at arealet framleis blir halde i hevd utan at ein spreier gjødsel, sprøyter med plantevernmiddel eller jordarbeidar det. Det vil då kunne ha rett til regionale miljøtilskott til truga naturtypar.*

Statskog:

*Statskog har ingen merknader til utvidelse av omsøkte areal og gir grunneiers tillatelse til å flytte gjerdet.*

Det er take opp med stølsbrukar den plassering av saltstein som vart diskutert i fjellstyremøte. Det er enighet om ein ny plassering i passe god avstand unna stølsveg slik at den i mindre grad påverker passerande trafikk, men likevel opprettheld nærleiken til stølen. Dette til informasjon.



Det er greitt å kunne ta dette med som eit vilkår i vedtaket, at saltstein vert flytta til ny plassering før utvidinga vert gjennomført.

**Oppsummert:**

Ein kan ikkje sjå nokre negative verknader av ei positiv innstilling til denne stølsutvidinga. Forslag til fleire alternative vedtak er mindre relevant i denne saka.

**Framlegg til vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyre godkjenner omsøkt utviding av støl S551, jfr Stølsforskriften § 6. Eit vilkår er at saltstein vert flytta til ny plassering før stølsjordet vert utvida.

**Vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyre godkjenner omsøkt utviding av støl S551, jfr Stølsforskriften § 6.  
Eit vilkår er at saltstein vert flytta til ny plassering før stølsjordet vert utvida.

**Samrøystes vedteke**

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 24.11.2023

Kenneth Monsen  
sekretær